

# REGULERINGSPLAN FOR SVIVOM I, GNR. 123, BNR. 9 I TOKKE.

## Reguleringsføresegner. (pbl. § 26)

### Reguleringsføremål. (pbl. § 25)

I planområdet er det regulert inn følgjande reguleringsføremål:

- §25.1. Byggeområde.
- §25.3. Off. trafikkområde.
- §25.5. Fareområde.
- §25.6. Spesialområde.
- §25.7. Fellesområde.

### Fellesføresegner.

- a) Det regulerte området kan bare nyttast i samsvar med denne planen.
- b) Det skal ikkje setjast opp gjerde, hekkar eller flaggstenger i området.
- c) Det kan nyttast gravemaskin til framføring av felles straumkabel, elles er dette ikkje tillate.
- d) Motorisert transport av materialar må bare finne stad på vinterføre.
- e) Renovasjonsordning for området er den til ei kvar tid gjeldande offentlege ordning.
- f) Etter at planen er godkjent er det ikkje lov å etablere private avtalar i strid med planen.
- g) Mynde til å gje unntak frå denne planen etter pbl. § 7 vert lagt til teknisk utval.

### Byggjeområde

#### ◆ Område for fridtidshytter.

- a) Tomtene som er merkte som byggjeområde skal vere på maksimum 1 da, og skal ha ei utforming som fell naturleg inn i terrenget. Dette gjer at storleiken kan variere noko frå tomt til tomt, og plasseringa kan få mindre avvik frå kartet. Tomtene kan delast frå eigedomen, men dei kan og setjast bort som leigetomter med oppmålt areal eller ved punktfeste.
- b) Hyttene skal harmonere med omgjevnadene både når det gjeld utforming, materialval og farge.
- c) Takvinkelen skal vere mellom  $22^\circ$  og  $30^\circ$ , og som tekkjemateriale skal nyttast torv, papp eller tre.
- d) Hyttene skal oppførast i ei høgd, ~~og ha eit areal (BRA) på maks 85 m<sup>2</sup>. I tillegg kan det forutan uthus på 15 m<sup>2</sup>, godkjennast eit anneks på inntil 15 m<sup>2</sup>. Dette føreset ei god tunløysing.~~
- e) Det er ikkje lov å legge inn vatn i hyttene.
- f) Det er ikkje sett av punkt for felles brønn eller vasspost i planen, og vassforsyninga er tenkt løyst ved at det vert grave brønn for kvar einskild hytte. Dersom det likevel vert aktuelt med fellesløysing, kan dette skje ved graving eller boring av felles brønn i friluftsområdet, med evt. legging av leidningar fram til vasspostar. Det vert føresett at det vert dokumentert ved søknad om byggjeløyve korleis vassforsyninga skal sikrast.
- g) Avlaup kan førast ut i grunnen ved synkegrøft, evt. synkecum.

endring  
→

# REGULERINGSPLAN FOR SVIVOM I, GNR. 123, BNR. 9 I TOKKE.

## Reguleringsføresegner. (pbl. § 26)

### Reguleringsføresmål. (pbl. § 25)

I planområdet er det regulert inn følgjande reguleringsføresmål:

- §25.1. Byggeområde.
- §25.3. Off. trafikkområde.
- §25.5. Fareområde.
- §25.6. Spesialområde.
- §25.7. Fellesområde.

### Fellesføresegner.

- a) Det regulerte området kan bare nyttast i samsvar med denne planen.
- b) Det skal ikkje setjast opp gjerde, hekkar eller flaggstenger i området.
- c) Det kan nyttast gravemaskin til framføring av felles straumkabel, elles er dette ikkje tillate.
- d) Motorisert transport av materialar må bare finne stad på vinterføre.
- e) Renovasjonsordning for området er den til ei kvar tid gjeldande offentlege ordning.
- f) Etter at planen er godkjent er det ikkje lov å etablere private avtalar i strid med planen.
- g) Mynde til å gje unntak frå denne planen etter pbl. § 7 vert lagt til teknisk utval.

### Byggjeområde

#### ◆ Område for fridtidshytter.

- a) Tomtene som er merkte som byggjeområde skal vere på maksimum 1 da, og skal ha ei utforming som fell naturleg inn i terrenget. Dette gjer at storleiken kan variere noko frå tomt til tomt, og plasseringa kan få mindre avvik frå kartet. Tomtene kan delast frå eigedomen, men dei kan og setjast bort som leigetomter med oppmålt areal eller ved punktfeste.
- b) Hyttene skal harmonere med omgjevnadene både når det gjeld utforming, materialval og farge.
- c) Takvinkelen skal vere mellom 22° og 30°, og som tekkjemateriale skal nyttast torv, papp eller tre.
- d) Hyttene skal oppførast i ei høgd.
- e) Det er ikkje lov å legge inn vatn i hyttene.
- f) Det er ikkje sett av punkt for felles brønn eller vasspost i planen, og vassforsyninga er tenkt løyst ved at det vert grave brønn for kvar einskild hytte.  
Dersom det likevel vert aktuelt med fellesløyving, kan dette skje ved graving eller boring av felles brønn i friluftsområdet, med evt. legging av leidningar fram til vasspostar.  
Det vert føresett at det vert dokumentert ved søknad om byggjeløyve korleis vassforsyninga skal sikrast.
- g) Avlaup kan førast ut i grunnen ved synkegrøft, evt. synkekum.